


**A/S STORD SILDOLJEFABRIKK - A/S STORD
1919-1945**

av

BRITT KRISTIN LADEHAUG

våren 1987



INNHALDSLISTE

=====

Side nr.

FORORD.....	3
INNLEIING.....	4
Presentasjon.....	4
Problemstilling.....	4
Kjeldevurdering og metode.....	4
Muntlege kjelder.....	5
Skriftlege kjelder.....	6
KAPITTEL I:	
LITT BAKGRUNNSSTOFF.....	7
Silda.....	7
Konjunkturane.....	7
Grunnleggarane.....	7
Stord og Sunnhordland.....	8
Kart over Sunnhordland.....	9
KAPITTEL II:	
OPPSTARTINGSFASEN - 1918-1919.....	10
Kjøp av eigedom.....	10
Motstand og rettsak.....	10
Bygging.....	11
Prøvestart.....	12
Eigarane.....	12
KAPITTEL III:	
ETABLERINGSFASEN - 1919-1923.....	13
Generelle konjunkturar.....	13
Sildekjøp.....	13
Produksjonen.....	13
Omsetting.....	14
Forholda på arbeidsplassen.....	15
Lokalsamfunnet.....	16
KAPITTEL IV:	
KONKURS OG NY EIGAR - 1923-1927.....	17
Pengepolitikk og valutakrise.....	17
A/S Stord Sildoljefabrikk konkurs.....	17
Kvifor konkurs?.....	17
Nye eigarar.....	19
Sigfinn Bartz-Johannesen.....	19
Drifta på fabrikk.....	20
Arbeidsplassen.....	20
Følgjene av konkursen.....	20
KAPITTEL V:	
UTVIDING OG UTVIKLING - 1927-1940.....	21
Inn i ei verdskrise.....	21
Vintersildfisket og fiskarane.....	21
A/S STORD utvider.....	21
Sesongproblemet og verkstaden.....	22

Frisar og omsetning.....	22
Arbeidarane og arbeidsforholda.....	23
Leinga.....	24
Arbeidarane og leiarane.....	24
Jordbruksbygda Stord og A/S STORD i "dei harde 30-åra".....	24
Usikre tider.....	25

KAPITTEL VI:

<i>KRIGSTID - 1940-1945</i>	26
Inn i ein ny krig.....	26
Fiskarane.....	26
Ombygging og omlegging av produksjonen.....	26
Flytande sildoljefabrikk.....	27
Verkstaden.....	27
Kontrakt på båtbygging.....	28
Krigshandlingar på Stord og A/S STORD.....	29
Økonomien på A/S STORD under krigen.....	29
Styret.....	30
Arbeidsforholda i krigstida.....	30
A/S STORD sin betydning under krigen.....	30
Mot lysare tider.....	31
"Spredte trekk fra A.S STORD".....	31

KAPITTEL VII:

<i>A/S STORD OG STORD - 1919-1987</i>	34
Utviklinga på bedrifta etter krigen.....	34
<i>A/S STORD fra 1945 til 1956</i>	34
<i>Stord Marin Industri A/S</i>	34
<i>Stord Verft A/S</i>	34
Bedrifta fra 1919 til 1987.....	35
Arbeidsforholda.....	35
Kvinner og barn i arbeid.....	36
Bartz-Johannesen og Aker-gruppa inn i bildet.....	36
Leirvik/Stord fra 1919 til 1987.....	36
Bedrifta sin betydning for utviklinga på Stord.....	38
Positive og negative konsekvensar.....	39
Konklusjon.....	39
Kva om bedrifta går konkurs?.....	40

TABELL 1:

<i>UINTERSILDFISKET 1920-1949</i>	41
---	----

KURVE 1:

<i>SILDENJØL- OG SILDOLJEPRISAR I ÅRA 1929-1949</i>	42
---	----

<i>LITTERATUR- OG KJELDELISTE</i>	43
---	----

Trykte kjelder.....	43
---------------------	----

Utrykte kjelder.....	43
----------------------	----

Skriftlege kjelder.....	43
-------------------------	----

Munnlege kjelder.....	44
-----------------------	----

Litteratur.....	44
-----------------	----

<i>REKLAME FRA AKER STORD A/S</i>	45
---	----

FORORD.

=====

Som ein del av grunnfagstudiet mitt i historie valde eg å skriva ei semesteroppgåve om A/S Stord Sildoljefabrikk / A/S STORD. Det var særleg to grunnar til at eg valde nettopp dette emnet; Mitt slektsforhold til grunnleggarane og det at bedrifta på Kjøtteinen har vore min nabo - og dermed ein naturleg del av oppveksten min - fra eg var ganske liten.

Eg vil gjerne ta med ei takk til alle dei som har bidratt til oppgåva på ulike måtar. Eg har ikkje tal på kor mange det er som i større eller mindre grad har hjelpt til, og eg har ikkje møtt ein einaste som har vore negativ. Det er heilt sikkert at dette har vore med og gjort arbeidet lettare og meir inspirerande for meg.

Britt Kustin Ladehaug.

INNLEIING

PRESENTASJON

Føremålet mitt med denne oppgåva er å lage eit historisk arbeid om den beskjedne verksemda som starta på Stord i 1919 og blei opphavet til ei industriverksemd som har hatt svært mykje å seia både for lokalsamfunnet og landet ellers.

PROBLEMSTILLING

Eg vil hovudsakleg ta for meg A/S Stord Sildoljefabrikk / A/S STORD i perioden 1919-1945, og eg vil leggja vekt på firmaet si utvikling når det gjeld storleik, standard og drift. I denne samanhengen finn eg det naturleg å ta med litt om bakgrunnen for at verksemda vart starta, generelle konjunktursvingningar og forhold som vedkjem gjeld råstoff og leverandørar. Den reinte tekniske sida vil eg leggja svært liten vekt på då eg tykkjer det er mindre vesentleg i denne samanhengen. Eg finn det naturleg å leggja ein del vekt på å sette verksemda inn i ein lokalhistorisk samanheng, og då vil eg sjå på hennar økonomiske, demografiske og sosiale innverknad på lokalsamfunnet. I denne samanheng vil eg kort ta med nokre hovudtrekk frå perioden fra 1945 og fram til våre dagar også, og sjå kva utviklinga til firmaet har ført med seg for bondekommunen Stord.

Oppgåva vil for ein stor del bli eit oversyn over firmaet si utvikling i den aktuelle perioden, men eg vil også sjå på ein del sentrale problemstillingar. Forutan å samanlikna dei enkelte periodane vil eg ta opp spørsmål som:

- Kva blei gjort for å løysa sesongarbeidsproblemet?
- Korleis var arbeidsforholda og forholdet mellom arbeid-arane og leiinga?
- Var der kvinner og barn i arbeid?
- Kva hadde kontakten med Bartz-Johannesen og Aker-gruppa å seia for firmaet og nærmiljøet?
- Kva for konsekvensar, positive og negative, har utviklinga fått både for sjølve bedrifta og bygda?
- Kva for konsekvensar kan det få om bedrifta bryt saman?

KJELDEVURDERING OG METODE.

Dei kjeldene eg har brukt er mange både når det gjeld tal og art. Eg trur det er rett å seia at eg har tatt utgangspunkt i Theodor Onarheims historikk i jubileumsnummeret av bedriftsbladet "Systemposten" i 1949, og dei munnlege kjeldene. Dette gjeld særleg den fyrste delen av den epoken oppgåva handlar om, då det er ganske sparsomt med skriftlege kjelder frå den tida. Fra den siste delen av perioden har eg også brukt bladet "Systemposten" som byrja og komma ut i 1945.

Ellers har eg vore innom ein del offentlege kontor som t.d. riksarkivet i Oslo, statsarkivet i Bergen og lokale kontor på Stord, og dessutan har eg meir tilfeldig klart å oppspora nokre gamle brev og anna som er skrive om emnet.

Munnlege kjelder.

Det er mange problem og uventa ting som har dukka opp på vegen. Når det gjeld dei munnlege kjeldene, så har eg har prøvd å få tak i folk med ulik tilknytning til firmaet. Det har vore vanskeleg fordi det er få å velja mellom av dei som hugsar bedrifta i starten. Dessutan er fleire av dei eg har intervjuet så pass opp i åra at hukommelsen har byrja å svikta, men det har likevel imponert meg kor mykje dei hugsar når ein tar omsyn til at mykje av det eg har spurt om hende då dei var i ten-åra.

Med samtlege informantar har eg avtalt på førehand kva tid eg skulle komma og kva eg skulle spørja om. Eg trur det har vore ein fordel at dei har hatt høve til å førebu seg litt.

Eit anna moment er at nokon av informantane er i familie med kvarandre og med meg, og at eg er i familie med grunnleggarane av sildoljefabrikken; Theodor Dnarheim og Ole Vaagen. Eg trur ikkje det har ført noko negativt med seg at eg er i slekt med nokon av informantane, det har vel heller vore med og fått dei til å snakka friare. Derimot kan det nok ha vore ein hemmande faktor for dei andre informantane at dei visste at eg var i familie med personane dei skulle fortelja om.

Eg har tatt opp dei fleste intervjuet på bånd, og eg trur det har gjort det lettare både for dei å fortelja og for meg å få med det dei sa og måten dei sa det på. To av seks intervju blei gjort med penn og papir av praktiske grunnar, men dei var ganske korte og var fyrst og fremst meint som supplement til dei andre.

Eit anna problem var korleis eg skulle behandla dei munnlege kjeldene. Eg har fått inntrykk av at mykje av det som blei sagt var prega av den generelle oppfatninga av bedrifta og den innverknad ho har hatt på nærmiljøet, av det som er skrive om firmaet i ulike skrift tidlegare og den tilknytning dei sjølv har / hadde til bedrifta. Dette var jo noko eg måtte ta omsyn til når eg skreiv oppgåva, og det har eg gjort ved at eg har prøvd å underbygga det eg har skrive med fleire kjelder.

Eg valde å la informantane stort sett få fortelja fritt når eg intervjuet dei, og så sila ut det usaklege etterpå. Dette har nok gjort at eg har fått med meir enn eg ville gjort ellers, men det også laga ein del ekstra arbeid og problem med å finna fram til det som hadde med emnet å gjera.

Skriftlege kjelder.

Det har også skapt ein del problem å bruka skriftlege kjelder. Også her er avstanden i tid vesentleg. Det er svært lite skriftleg materiale å få tak i, særleg fra fyrste del av perioden, og mykje av det som er skrive er jubileumsskrift som ein nærmast må rekna som muntlege kjelder.

Dei skriftlege kjeldene eg har brukt er bedriftsbladet "Systemposten", lokalavisa, ulike offentlege protokollar og dessutan nokre meir tilfeldige papir. Problema med lokalavisa er for det fyrste at det er svært tidkrevjande å finna noko der, og for det andre er det er lite som er skrive om bedrifta i den perioden eg har tatt føre meg. Noko av det same har eg møtt på når eg har leita i offentlege arkiv; Det har gått veldig mykje tid med til å finna veldig lite. Ein del bomturar har det også blitt, t.d. til bedriftshistorisk senter, kommunalbanken, kreditt-tilsynet og fleire departement. Bomturar var vel litt drøyt - eg har jo dei fleste stadane fått opplysningar om andre institusjonar eller personar som kan vera aktuelle, men dette illustrerer kanskje litt korleis tida har avgrensa arbeidet.

Eg nemnde innleiingsvis meir tilfeldige skriftlege kjelder. Mitt slektskap med grunnleggarane har nok gitt meg større tilgang på private papir. Eg har leita i mange kasser - og enno er det mange att - og eg har funne nokre private brev og nokre kvitteringar som har vore med å gi meg eit inntrykk av korleis forholda på bedrifta var.

KAPITTEL I:

LITT BAKGRUNNSSTOFF.

=====

SILDA.

I 1872 forsvann plutselig den silda som hadde gitt vestlendingane levebrød i nesten hundre år. Men den lunefulle silda fann det heldigvis for godt å komma tilbake i 1884, og det såg ut til at ho skulle bli verande. Eit stykke ut på 1900-talet kom ein stor ekspansjon i vintersildfisket, og det var i denne perioden sildoljefabrikkane dukka opp for alvor. Sildoljeindustrien blei etter kvart ein vesentleg faktor i det norske næringslivet, og i Hordaland blei det bygd sildoljefabrikkar m. a. i Kvinnherad, Strandvik, Knarrevik og på Stord.

KONJUNKTURANE.

Under den 1. verdskrigen som herja i store delar av Europa i åra 1914-1918 greidde Noreg å halda seg nøytralt -i alle fall i namnet. Det førte til at næringslivet blomstra ved å eksportera til dei krigførande nasjonane, trass i ulike hindringar som krigen førte med seg. Etter krigen slutta kom det eit kort oppsving då mykje oppsamla kjøpekraft kom til uttrykk, og produksjonen auka med etterspørselen. Men marknaden blei jo etter kvart metta, og det kom eit tilbakeslag i starten av 1920-åra med overproduksjon, låge prisar og arbeidsløyse.

GRUNNLEGGJERANE.

A/S Stord sildoljefabrikk blei starta i 1919, omlag i overgangen til konjunkturnedgangen. Det var kaptein Theodor Onarheim saman med brørne Gustav Onarheim og Ole Vaagen som sette i gang bedrifta. Ole og Brita Onarheim var foreldra deira, og dei voks på garden Vaagen i Herøysund i Kvinnherad. Gjennom faren sitt arbeid som nordlandsskipper var barna blitt godt kjendt med sildefisket, og det hadde nok litt å seia når dei valde sildolje-bransjen. Ole Vaagen hadde hadde rik erfaring fra slikt arbeid, m.a. fra sildoljefabrikken i Strandvik. Theodor og Gustav Onarheim var begge kaptein-ar i utenriksfarten, men i slutten av 1. verdskrig gjekk Theodor på land då det vart ei påkjenning for kona Mathilde å ha ansvaret for ein etter kvart stor barneflokk i dei usikre tidene. Kaptein Onarheim var ein høfleg, men streng og kanskje noko sjølvrådig mann. Han var nok prega sitt som kaptein, og likte å ha orden og disiplin rundt seg.



Kaptein Theodor Onarheim (1880-1954).

Ole Vaagen var noko meir fámælt av seg, men også han var ein mann som ville ha orden rundt seg. Begge la vekt på rettferd, og dei var respekterte menn. Dei var også aktive på fleire kantar, og då særleg i misjonsarbeid og bedehus - miljø. Dette prega kanskje arbeidsmiljøet ein del i starten då det var ei lita bedrift.



Ole Vaagen (1875-1947).


STORD OG SUNNHORDLAND.

Stord er ei øy som ligg sentralt i Sunnhordland (sjå kart på neste side). Øya er delt i to kommunar, Stord og Fitjar, og Stord er den største av desse. Ved inngangen til den perioden eg skal ta føre meg var det jordbruket som var den viktigaste næringa på Stord, og i tillegg var Stordø Kisgruber ei dominerande bedrift. Den geografiske plasseringa gjer at arbeid som har med sjøen å gjera er ein naturleg næringsveg, og særleg har skipsbygging rike tradisjonar her. I det høve kan det nemnast at då Stord Verft A/S skulle bygge dokk i 1956/57 blei det v. h. a. utgravingar funne at det har blitt bygd båtar på same staden heilt tilbake til 500-talet, så tradisjonane manglar ikkje.



"Torsteinskyrkja" - "verftet" slik det skal ha sett ut på 500-talet.


Leirvik sentrum slik det såg ut på 1860-talet:



Stord var som nevnt ikkje heilt utan industri før sild-
oljefabrikken starta heller, og i tillegg til Stordø Kis-
gruber var der nokre mindre industribedrifter. Men likevel
må ein vel seia at Stord var det ein kan kalla ein typisk
bondekommune; Bondestyrt, og med jordbruket som viktigaste
næringsveg. Det var fyrst etter at A/S Stord Sildolje-
fabrikk kom inn i bildet at kommunen for alvor la kursen
mot å bli ei industrikommune, og sjølv då skulle det gå
nokre år før utviklinga verkeleg sette fart.

1: Jubileumsnr. av
"Systemposten" 1949
side B.

Kart over Sunnhordland (1):



KAPITTEL II:

OPPSTARTINGSFASEN - 1918-1919.

I 1918 gjekk Theodor Onarheim på land. Han valde då å satsa på sildoljeindustrien, noko som var naturleg for ein mann med hans bakgrunn (sjå kapittel I). Både han og broren Ole meinte dessutan at sildoljeindustrien var ei næring med gode framtidsutsikter.

KJØP AV EIGEDOM.

Onarheim kjøpte fyrst ein eigedom i Herøysund for å bygge sildoljefabrikk der, men etter ei stund kom han fram til at den låg for avsides til. Han fekk tilbod om ei tomt i Naustvågen på Stord, men fann ut at området i Killingvikjø som låg like i nærleiken egna seg betre. Han kontakta eigarane Peder H. Langeland og Arnfinn Bjelland, og i september 1918 blei det holdt skulddeling (2). Motor-kuttaren M/K "Seleningen" blei kjøpt, ein provisorisk kai vart bygd, og allereie i 1918 salta Onarheim ein del sild på den nye eigedommen. I oktober blei det tinga eit komplett sett maskineri fra Myrens Verksted i Oslo, og bygningsteikningar kom fra Stavanger.

Z: Sørenskriverem i Sunn-
hardland. II.B.i.12.
Utskiftnings- og
skylddelingsprotokoll
heile sørenskriveriet
1917 - 1919.



Eldste kjente
bilde fra
Stord Verft
sitt område
tatt i 1910.

MOTSTAND OG RETTSAK.

Før sjølve bygginga kunne starte måtte helserådet og naboane gi løyve. Kaptein Onarheim vende seg til fylkeslegen og fekk løyve fra han. Fra ein del av naboane møtte han imidlertid noko motstand. Ein må hugse på at Stord den gong var eit typisk bondesamfunn, og mange var nok generelt skeptiske til inustri-utbygging. Sildoljefabrikkane førte dessutan med seg flytande avfall og ei temmeleg utriveleg lukt, og det var ei ganske utbreidd meining at slike verksemder burde leggest til meir avsidesliggende strøk. Området rundt Killingvikjø var også sett på som ein vakker stad som ein helst skulle verna om. I denne samanheng kan det nemnast at det sto nokre ferievillaer i nærleiken, og eigarane av dei var neppe særleg interessert i å få ein sildoljefabrikk til nabo.

- 3: Søndhordlands
Sørenskriveris
ekstraretsprotokoll.
Civil Sag no.4-1919.
4: "Sunnhordland"
årgang 17 nr.109 s.1.

Theodor Onarheim ba om naboskjøn, og saksgangen starta den 10. januar 1919 (3). Avgjerda blei utsett fleire gonger, men 31. mars 1919 blei naboskjønet avsaugt, og Onarheim fekk løyve til å bygga sildoljefabrikken etter dei teikningane og den skildring som var planlagt (3). Men motstanden heldt fram etterpå i form av avisinnlegg (4), og kaptein Onarheim skriv sjølv i bedriftsbladet "Systemposten" sitt jubileumsnummer i 1949:

"Det kan nevnes at jeg fikk en antydning om at det var nok så dristig av meg å våge å gå imot hr. Heyerdals klienter, da disse var god for minst 15 millioner kroner, og det ble antydnet at jeg også kunne få avsavnsgodtgjørelse hvis jeg ville la prosjektet falle og avstå fra mine vonde hensikter."

Eit spørsmål som er rimelig å stille i denne samanhengen er korleis folk kunne vera meir opptatt av lukt og vakker natur enn arbeid for å sikre levebrødet. Etter det ein veit om den generelle konjunkturoppgangen før 1920 kan det vera naturleg å tru at mange hadde så bra at dei hadde råd til å ta omsyn til meir sekundære krav. Ein bør også ta med i vurderinga at det var ein stor del av innbyggjarane som ikkje protesterte, og viss ein ser på det sitatet fra Onarheim sin historikk i "Systemposten" som eg refererte ovanfor, er det ikkje urimeleg å trekka den slutningen at det helst var dei som hadde minst bruk for arbeidsplassar som protesterte.

BYGGING.

Etter at avgjerda hadde falt starta sjølve bygginga. Det blei sett opp ein 2 1/2 - etasjes trebygning til fabrikkbygg, og ellers vart det bygd kjelhus, tørkerom, trekai og sildekumme. Det blei også starta vegarbeid og arbeid å få opp arbeiderbrakke. Om Sommaren i 1919 kunne M / K "Seleningen" hente maskineriet som kosta kr. 44.000 (5).

- 5: Jubileumsnr. av
"Systemposten" 1949
side 11.

A/S Stord Sildoljefabrikk i 1919 sett fra sjøen (til venstre) og sett fra Gullberg:



PRØVESTART.

6: Jubileumsnr. av
"Systemposten" 1949
side 28.

7: Onar Onarheim og
"Sunnhordland"
årgang 18 nr.143 s.2.
8: "Sunnhordland"
årgang 18 nr.143 s.2.

9: Jubileumsnr. av
"Systemposten" 1949
side 34.

I slutten av året var det meste klart, og den 27. november 1919 blei det sett i gang prøvestart (6). Nokre få arbeid-
arar blei tilsett, og dei eg kjenner til er John Bjelland,
Lars N. Bjelland, Brynjulf Skorpen og Ole Vaagen som var
formann og ansvarleg for sjølve produksjonen. Theodor
Onarheim tok seg av den administrative delen av arbeidet.
Det er usikkert om det blei tilsett fleire arbeidarar fra
starten av, men det er rimeleg å anta at det vart gjort
ganske snart då det var bruk for nærare 10 personar i
produksjonen når fabrikken dreiv for fullt (7). I tillegg
kom eit større tal sesongarbeidarar, då sildoljeindustrien
er ei utprega sesongverksemd. Dei fekk tak i eit parti vār-
sild til råstoff i starten (8). Produkta var sildolje og
sildemjøl, og produksjonen av sildemjøl blei basert på
gjødsel (9).

EIGARANE.

10: Bergljot Vaagen Matre
og Onar Onarheim.

A/S Stord Sildoljefabrikk starta som ei familiebedrift.
Kaptein Theodor Onarheim hadde størst part i fabrikkens,
men brørne Ole Vaagen og Gustav Onarheim var medeigarar.
Ole Vaagen selde eignedomen sin i Herøysund og sette
pengane i fabrikkens. Gustav Onarheim reiste som kaptein
og arbeidde ikkje i firmaet, men eigde like mykje som Ole
(10). I flg. Theodor Onarheim sin historikk i System-
postens jubileumsnr. i 1949 kosta heile anlegget 225.000
kroner. Teknisk sett gjekk starten bra, og ei ny industri-
verksemd var reist i bondekommunen Stord.

A/S Stord Sildoljefabrikk sitt område i 1919 sett fra Gullberg.



KAPITTEL III:

ETABLERINGSFASEN 1919-1923.
=====GENERELLE KONJUNKTURAR.

Etter den 1. verdskrigen kom det eit økonomisk oppsving. Mykje oppsamla kjøpekraft slo ut i full blomst, og høgkonjunkturen var på topp i slutten av 1919 og starten av 1920. Dette kom i fyrste omgang firma-eigarar, finansinstitusjonar og bønder til gode, men etter kvart også lønsmottakarane. Men allereie på hausten i 1920 nådde tilbakeslaget også Noreg. Det blei overproduksjon, lågare prisar, arbeidsløyse og lågare løner, og det ramma fyrst og fremst eksport - næringane. Men næringslivet sine betalingsvanskar og den økonomiske politikken til styresmakta skapte store vanskar for bankane også, og i perioden 1920-1923 måtte over 100 bankar stenge. Fiskarnæringa som hadde hatt gode kår under krigen, vart også ramma av prisenfallet, og fiskarane måtte auka produksjonen for å halda oppe inntektsnivået. Men dei dårlege pengetilhøva gjorde det vanskeleg å få i stand drift som løna seg, og sildefisket som fyrst og fremst var ei eksportnæring fekk verre omsetningsforhold. Når det gjeld kvanta av sild som vart fiska, viser det seg at det i åra 1921 og 1922 var noko mindre enn før og etterpå (sjå tabell 1).

SILDEKJØP.

I sin historikk fortel Theodor Onarheim dette om sildekjøp i startfasen:

Det var ikke så like til å få fatt på sild i de dager. Det var ingen organisasjon en kunne henvende seg til, enhver fikk ordne seg som best han kunne. Fabrikantene hadde sin forening og der var enighet om faste priser på saltet sild og avfall, som for de fleste utgjorde hovedmengden av råstoffet, men der var ikke enighet om prisen på fersk sild. Sildemarkedet var hovedsakelig i Haugesund, dertil gikk de fleste med fangsten (...). Det ble snart klart at ville en sild til rimelige priser, måtte en holde en mann i Haugesund for derved å være ajour med fiskets gang." (11).

11: Jubileumsnr. av
"Systemposten" 1949
side 11-12.

Han fortel vidare om pruting på prisar og diskusjon om målinga ved kjøp av sild.

PRODUKSJONEN.


På denne tida var det vanleg at sildoljefabrikkane baserte produksjonen på småsild og avfall, og det ser ut til at

fabrikken på Stord også gjorde det i starten. Det var vanlig å salta silda før bruk, men A/S Stord Sildoljefabrikk eksperimenterte også ein god del med produkt av fersk sild. Theodor Onarheim skriv litt om dette:

"Vi var jo klar over at produktene av fersk sild ble lys olje og fint mel uten salt og limvannstapet ble mindre. Vi eksperimenterte meget med produksjon av fersk sild i dukpresser og fant ut at det allikevel var en fordel å produsere mest mulig sild usaltet og fortsatte med det."
(11).

Det er klart at firmaet byrja med avfall og småsild som råstoff, og etter kvart gjekk det over til å bruke fersk sild. Men det som ikkje er heilt klart er kva tid dette skjedde -truleg over ein lengre periode. Av annonsa ovanfor kan vi i alle fall sjå at det blei brukt avfall og småsild i 1921 (12). Kapasiteten var liten i starten, men etter tilhøva då var den nok ganske vanleg. I 1920 blei det produsert 340 tonn sildemjøl og 120 tonn sildolje mot 3874 tonn mjøl og 1700 tonn olje i 1949 (sjå tabell 1). Desse tala gjeld vintersildfisket, og A/S Stord Sildoljefabrikk har produsert ca. 850 tonn sildemjøl og ca. 340 tonn sildolje i perioden 1920 - 1949 av anna råstoff, t.d. småsild. Dette gir likevel lite utslag på den totale produksjonen, men det har nok vore ein ganske stor del i dei fyrste åra slik at tabellen gjev eit litt skeivt bilde. Når det gjeld resultatet av produkta, kan ein seia at formann Ole Vaagen var svært nøye med kvaliteten av produkta, og ein kan nok seia at fabrikken fekk både godt utbytte og eit bra rykte.

12: "Sunnhordland"
årgang 20 nr.8 s.3.



OMSETTING.

Det er litt tvil om korleis firmaet omsette produkta sine i starten. Dei fleste sildoljefabrikkane brukte truleg Salgssentralen som var eit omsetningsapparat i tilknytning til Sildemelfabrikantenes Forening, men det er sannsynlig at sildolejfabrikken på Stord brukte Fred. Gundersen A/S i Bergen, då det i alle fall er klart at det vart gjort seinare (sjå kapittel IV). A/S Stord Sildoljefabrikk eksporterte det meste av produkta sine til Tyskland, noko som skapte problem då marken raste nedover i kurs. Dette vil eg sjå nærmare på i neste kapittel.

FORHOLDA PÅ ARBEIDSPLASSEN.

Sesongarbeids - problemet var noko som følgde sildolje-fabrikken heilt fra starten. Som eg har nemnd tidlegare, var der arbeid for knapt 10 faste arbeidarar (sjå kapittel II), men i sesongane var der bruk for mange fleire. Det er usikkert akkurat kor mange det gjaldt, men ut fra dei opplysningar eg har fått kan eg anslå det til mellom 70 og 80. Det var særleg lossinga som kravde folk. Den blei gjort for hand, og det var utvilsomt svært tungt arbeid.

Å arbeida på "sildoljen" var i det heile tatt ganske krevande. I tillegg til dei tunge taka reint fysisk kom den ulaglege arbeidstida og den plagsomme lukta. Lossinga måtte gjerast når båtane var der, og då var det ikkje snakk om korkje 8-timars-dag eller noko anna "-timars-dag". Det ser ut til at det ikkje var uvanleg å gå nesten heile døgnet i dei travlaste tidene.

Arbeidsforholda var vel ganske normale etter den tids målestokk. Der var ein noko primitiv spisesal heilt fra starten, men ikkje noko slag bad eller garderobe, - lukta måtte ein ta med seg heim.

Om tilhøva mellom arbeidarane og eigarane er det vanskeleg å seia noko konkret anna enn at firmaet nok var prega av orden og disiplin. Det at Ole Vaagen var både medeigar og formann på fabrikken kan kanskje ha vore med å dempa skiljet mellom arbeidarane og eigarane. Vaagen arbeidde under dei same tilhøva som dei andre arbeidarane, og arbeidstida hans var vel snarare verre enn betre då han hadde ansvaret for produksjonen. I eit brev til familien (rett nok noko seinare, men tilhøva var vel omtrent dei same) skriv han dette:

"Jeg befinner mig vel med hilsen til dato, Gud ske tak. har havt det travelt nu en tid, igaar (Søndag) kom jeg hjem kl. 4 1/2 morgen havde taget sild og levert 150 fat Olie til enbaat, smagte da godt aa faa legge sig, og sov jeg da til kl. 10, da kom de med telefonbesked ifra" (13).

13: Brev fra Ole Vaagen til kona Britha og barna 21.01.29.

Ein eventuell skilnad mellom han og dei andre arbeidarane besto i noko høgare løn og det at han trass alt hadde "kommandoen" på arbeidsplassen.

Når det gjeld lønene ser det ut til at arbeidet på sildoljefabrikken var bra betalt samanlikna med anna arbeid på same tid.

LOKALSAMFUNNET.

Eg nemnde i forrige kapittel at bedrifta blei møtt med ein del skepsis og til dels noko motstand. I byrjinga var jo bedrifta lita, og det folk flest merka var kanskje den sjenerande lukta. Stord var altså fyrst og fremst eit bondesamfunn, og mange av gardane var ganske små. Då nedgangstidene dukka opp på Stord også, er det rimeleg å tru at haldningane forandra seg noko. Høgsesongen i sild-oljefabriskjen var stort sett mellom jul og påske, noko som passa bra for bøndene, og det ser ut til at sesongarbeidet på sildoljefabrikken vart ei velkommen tilleggsnæring for mange småbrukarar. Sett under eitt er det ikkje sannsynlig at bedrifta fekk noko stor vekt så tidleg, det er i alle fall Stordø Kisgruber som dominerar lokalavisa og formannsapsprotokollane i denne tida. Kisgruvane hadde enno stillinga som stor - bedrifta i kommunen.

Eg har så vidt tatt fram nedgangstidene som byrja å gjera seg gjeldande i denne perioden. I 1923 sette dei inn for fullt også på A/S Stord Sildoljefabrikk, og neste kapittel vil fyrst og fremst handla om fylgjene av det.

PENGEPOLITIKK OG VALUTAKRISE.

Etter konjunkturedgangen i starten av 1920 - åra byrja prisane og stiga igjen i 1923, og i produksjonsåret 1924/1925 vart det noko betre. Men i perioden 1925 - 1927 blei pengepolitikken strammare, og det førte med seg nye prisfall, avsetningsvanskar, arbeidsløyse og følgjene av dette. Noko som fekk særleg innverknad på norske eksportnæringar var valutakrisa i Tyskland. I 1923 sette det inn ein utruleg inflasjon, og i 1925 bytta Tyskland valuta slik at den gamle marken blei totalt verdilaus.

A/S STORD SILDOLJEFABRIKK KONKURS.

A/S Stord Sildoljefabrikk gjekk med eit underskudd i 1920, 1921 og 1922 på til saman kr. 59.176,73, der 1921 var det verste året. Men i 1923 snudde det seg, og i åra 1923 og 1924 hadde fabrikk eit overskudd på 101.516,58 kroner. I 1925 fekk firmaet likevel eit underskudd på vel kr. 50.000, og då dei gjekk med tap i 1926 også overleverte dei buet til konkurs den 20.12.26 (14).

14: Bobestyrelsens innberetning i A/S Stord Sildoljefabrikks konkursbo.

KVIFOR KONKURS?

Kvifor gjekk så firmaet konkurs? Dette er eit spørsmål som er lite omtalt - kanskje fordi det er eit lite populært spørsmål.

Konkurs.

I henhold til konkurslovens §§ 15 og 50 bekjentgjøres herved:

1. At A/S Stord Sildoljefabriks bo av Stord, idag er tatt under skifterettens behandling som konkursbo.
2. At hr. advokat J. Waage, Bergen, er beskikket som midlertidig bestyrer i boet.
3. At en skiftesamling vil bli holdt på sorenskriverkontoret fredag 7. januar 1927 kl. 11 form. til behandling av spørsmål om fortsettelse av virksomheten, valg av bestyrer, revisor og kreditorutvalg, og hvad der forøvrig måtte foreligge til behandling.

Alle og enhver, som har fordringer på boet, oppfordres til skriftlig å melde disse for skifteretten innen 7. februar 1927 ledsaget av de dokumenter i original eller avskrift, hvortil fordringene støtter sig, samt til å møte i en skiftesamling på sorenskriverkontoret fredag 4. mars 1927 kl. 11 form. for å overvære og delta i i anmeldte fordringers prøvelse m. v.

Sunnhordlands skifteret, 20. desbr. 1926.
(Adr.: Stord).

R. Christophersen,
eds.

Ut fra det eg har skrive over kan vi sjå at økonomien i firmaet stemmer bra overens med dei generelle konjunktura-ane i Noreg. Dessutan eksporterte sildoljefabrikken den største delen av produkta til Tyskland, og blei også ramma av krisa der då dei fekk ein god del av betalinga i mark. No gjekk rett nok firmaet med overskudd i åra 1923-24 medan inflasjonen sette inn for fullt i Tyskland, men vi ser at då dei bytta bytta valuta i 1925 gjekk A/S Stord Sildoljefabrikk eit stort underskudd.

Noko som også kan ha spela inn er dei store sildelagra etter 1. verds krig. Den norske stat måtte overta store mengder sild som engelskmennene hadde betalt for slik at dei ikkje skulle gå til Tyskland. Denne silda var gammal og dårleg, og A/S Stord Sildoljefabrikk var mellom dei som overtok ein del av denne silda og selde produkta billeg (15).

15: Olav Vaagen og
jubileumsnr. av
"Systemposten" 1949
side 14.

16: Finansdept.C.
Banker i likvidasjon.
Kvinnherad Sparebank.
Pakke 65.
"Innberetninger fra
administrasjonsstyre
og kontrollkomite

Kvinnherad Sparebank som var firmaet sin kredittinstitusjon kom også i vanskar på denne tida. Den 27.02.27 kom banken under offentlig administrasjon, og f.o.m. 30.06.28 gjekk han over i likvidasjon (16). Det førte sjølvsagt til at banken ikkje kunne gi fabrikk den kreditten han hadde bruk for, og bedrifta hadde pantsett store delar av fabrikk hos banken.

under likvidasjonen."
Brev fra det kgl.
Finans- og toll-
departement 28.04.36
fra Norges Bank.
29/4 F.D. 1536 C.IV/IK.

Det har vore reist spørsmål om det eigentleg var grunnlag for å slå banken konkurs. Dette har ikkje eg forutsetnad for å seia anna om enn at likvidasjonspapira viser at det var stor tvil om banken skulle gå i likvidasjon eller om han skulle rekonstruerast (17).

17: Finansdept.C.
Banker i likvidasjon.
Kvinnherad Sparebank.
Pakke 65. Administra-
tiden. Regnskap.
Bankinspeksjonens
innberetning.

Sigfinn Bartz-Johannesen var agent og selde sildeprodukt til Tyskland. Han kom i kontakt med A/S Stord Sildoljefabrikk ganske tidleg, og det ser ut til at han var firmaet sin agent når det gjaldt eksport til Tyskland. Eit spørsmål eg har møtt på er om Bartz-Johannesen kanskje kunne ha forhindra konkursen ved å handla annleis enn han gjorde. Dette er det sjølvsagt umogleg å seia noko om, og eg kan berre stilla spørsmålet. Det kan også nemnast at i følge bustyret, som besto av hr.adv. J.Waage, I.Arnesen og S.Bartz-Johannesen, var det ingen grunn til strafferettsleg ansvar mot selskapet sin styrar. Uansett -den 10.12.26 var konkursen eit faktum, og skifterett blei sett 13.02.28 (18).

18: Sorenskriveren i
Sunnhordland IV.B.4.
Skifteforhandlings-
protokoll 1925-1929


s. 447-449.

NYE EIGARAR.

- 19: Bergljot Vaagen Matre, Bergen Bank - dåverande Bergens Privatbank - overtok fabriken etter Kvinnherad Sparebank, og firmaet Fred. Gundersen A/S, som var eigd av S.Bartz-Johannesen, Jakob Kjøde og Aage Figenschou kjøpte fabriken for kr. 50.000,- (19). Etter at firmaet hadde skifta eigarar bytta det også namn fra A/S Stord Sildoljefabrikk til A/S STORD. Nokre år seinare sa Bartz-Johannesen opp fellesskapet med Fred. Gundersen og kjøpte aksjane i A/S STORD, men firmaet heldt fast på nemninga A/S (20).
- 20: Onar Onarheim og innberetning i A/S Stord Sildoljefabrikk konkursbo side 1. brev fra Ole Vaagen til sonen 29.03.28.


SIGFINN BARTZ-JOHANNESEN.

Sigfinn Bartz-Johannesen var ein mann med mange jern i elden. Han heldt til i Bergen, og var m.a. eigar av ein sildoljefabrikk i Knarrevik på Sotra. Han var ein person som la stor vekt på å sjå framover, og det kan ein også sjå på måten han dreiv firmaet på. Då Bartz-Johannesen hadde hovudkontoret sitt i Bergen var det naturleg at Theodor Onarheim og Ole Vaagen heldt fram i sine stillingar på Stord medan Bartz-Johannesen var formann i styret.



Sigfinn Bartz-Johannesen (1890-1963)

Bilde fra mjøllageret på sildoljefabriken, tatt av S. Kannelønning før 1935. Knut Eldøy nærmast og Bjelland i bakgrunnen.



DRIFTA PÅ FABRIKKEN.

Sjøelve fabrikken gjekk brukbart i denne perioden forholda medrekna. Det vart gjort enkelte tekniske forbetringar, t. d. vart det montert ny presse i 1926, og etter eit dårleg år i 1924 auka produksjonen fra 1925 (sjå tabell 1). Dette har sjølvsagt fyrst og fremst samanheng med dei totalt oppfiska kvanta, men til dels også med auka kapasitet. Prisane på sildeprodukta heldt seg nokonlunde stabile i denne perioden bortsett fra i produksjonsåret 1924/25 då prisane steig på desse varene også (jfr. den generelle prisstigninga).

ARBEIDSPLASSEN.

Det ser ikkje ut til at arbeidsforholda hadde endra seg, og det er heller ikkje noko som tyder på at eigar-skiftet hadde nokon innverknad i så måte. Det ein likevel kan seia er at det ser ut til at Bartz-Johannesen kom godt overens med arbeidarane. Derimot er det ting som tyder på at det kan ha vore eit litt meir konfliktfylt samarbeid i leiinga, men det er jo eit tema som ikkje er godt å seia noko særleg om då det kjeldegrunnet som finst er ganske tynt.

FØLGJENE AV KONKURSEN.

A/S Stord Sildoljefabrikk var fra starten av ei familiebedrift, og konkursen fekk ganske store følgjer for familiene Onarheim og Vaagen i negativ tyding. Dei hadde sett inn det meste av sin eigedom i tiltaket, og konkursen var eit fullstendig tap for dei. At Vaagen og Onarheim hadde store familiar å forsyta, - Britha og Ole Vaagen hadde 8 barn og Mathilde og Theodor Onarheim 10- gjorde jo det heile endå verre.

Fra ei anna side sett så kan det nok henda at det at Bartz-Johannesen kom inn i næringslivet på Stord kan ha hatt betydning for lokalsamfunnet. I fyrste omgang har det vel neppe gjort særleg korkje til eller fra, men det er jo absolutt mogleg -for ikkje å seia sannsynlig- at utviklinga hadde blitt ei heilt ei anna viss ikkje konkursen hadde kome. Dette spørsmålet vil eg sjå litt nærmare på i kapittel VII.


UTVIDING OG UTVIKLING - 1927-1940.

INN I EI VERDSKRISE.

Åra 1927 og 1928 var vel det ein kan kalla gode år med auka produksjon, stabile prisar, auka sysselsetting og jamne valutakursar. Men gjeldskrisa var ikkje over, og i oktober 1929 kom børsamanbrotet som rysta heile verdsmarknaden. Noreg greidde seg ei stund, men hausten 1930 kom verdskrisa for fullt også her. Industriproduksjonen fall, arbeidsløysa auka, og særleg blei jordbruks- og skogbruks-næringane hardt ramma. Tvangsauksjonar vart nesten daglegdags, og depresjonen som ramma Noreg i byrjinga av 1930-talet er nok den hardaste i moderne norsk historie. Men samstundes som mange firma måtte gi opp kom det også ein del nye, små bedrifter. Devaluering i september 1931 verka stimulerande på eksporten til tollmurar og kvotereguleringar kom i vegen. Ei bankkrise følgde også med, men den var ikkje så omfattande som den forrige (sjå kapittel III).

VINTERSILDEFISKET OG FISKARANE.


Vintersildfisket gjennomgjekk ein ekspansjon i mellomkrigstida. Det kvantum som vart fiska varierte sjølvsagt fra år til år, - 1934 var t.d. eit svært dårleg år - men alt i alt auka vintersildfisket i den perioden dette kapitlet handlar om (sjå tabell 1). Det var også i denne perioden fiskarane byrja og organisera seg. I 1927-28 blei Stordsildlaget og Stor- og Vårsildlaget starta. Det gjorde at sildeprisane blei meir stabile, og det vart lettare for kjøparane å få tak i sild.



Silda vert høva inn.

A/S STORD UTVIDER.

På A/S STORD var perioden fra 1927 og fram til 2. verdenskrig i særleg grad prega av utvikling. I åra 1927 - 28 blei kapasiteten dobla, og fram til 1937 var det stadige forbetringar og innkjøp av utstyr (21).



Sildoljefabrikk nr.2 sett fra sør.

I 1935-36 blei det bygd ein heilt ny fabrikk (sjå bilde på side 21), og med endå meir utvidingar i 1936-37 blei den vesle bedrifta landets største sildoljefabrikk (22). Det vart også sett i gang førebuingar til ein flytande sildoljefabrikk, men krigen utsette det prosjektet.

SESONGPROBELEMET OG VERKSTADEN.

Som eg allereie har nemnd var det eit stadig problem at bedrifta i så stor grad var sesongbetont. På den eine sida ville det vera ei føremøn for bedrifta å kunna ha ein fast stab med trenn folk, og på den andre sida ville det sjølv-sagt også vera ei føremøn for arbeidarane å ha fast arbeid heile året. Det blei prøvd ulike utvegar for å drøya sesongane, m. a. å bruka sommersild, krabbeskall og tang til råstoff utanom vintersildsesongane. I 1928 sende firmaet også ein ekspedisjon til Island for å testa sjansane til å bruka råstoff derfra (22). Desse tiltaka var nok med å forlenga sesongane, men dei førte ikkje til at fabrikk blei ei heilårsbedrift.

Dette var også eit viktig moment då det vart starta verkstad rundt 1930. Det hadde nok vore ein reparasjonsgjeng i arbeid fra starten av, men fyrst på slutten av 20-talet arbeidet blei sett i system, og i 1939 var verkstad-avdelinga blitt så omfattande at ho blei flytta til eigne lokal ved sida av sildoljefabrikken (23). Verkstaden gjorde nok at fleire fekk arbeid heile året, men sesongproblemet på sildoljefabrikken vart ikkje løyst med det; Det blei heller til at verkstaden "tok" folk fra fabrikk.



Onar Onarheim (t.v.) og Ottosen framfor maskinverkstaden.

PRISAR OG OMSETTING.

Prisane på sildemjøl var ganske stabile i denne perioden, sjølv om dei gjekk noko ned i fyrste halvdel av 30-åra og i åra 1936-37. Sildolje-prisane varierte litt meir med eit kraftig fall i starten av 1930-åra for så å stiga fram mot eit nytt fall i 1938-39 (sjå kurve nr.1).

Produkta blei omsett gjennom Fred. Gundersen A/S i Bergen.


22: Jubileumsnr. av "Systemposten" 1949 side 16.

23: Onar Onarheim.

ARBEIDARANE OG ARBEIDSFORHOLDA.

24: Onar Onarheim.

Arbeidsforholda følgde også med i utviklinga. Etter kvart som verksemda og arbeidsstokken voks auka også trongen for sanitæranlegg og betre spiseforhold. Dei hygieniske tilhøva som tidlegare hadde vore ganske så som så, blei monaleg betre i 1935 då det vart innreidd garderober og bad m/ dusj, og dessutan ny spisesal (24). No var det rett nok berre to dusjar, så problema melde seg på ny når staben voks, men då var det helst på den kvantitative sida.



Den nye spisesalen som blei bygd i 1935.

Når det gjeld arbeidarane, så var det for ein stor del bønder og småbrukarar som tok arbeid på "sildoljen" i starten. Det ser ut til at det var få kvinner som var med i arbeidet så langt, men det var ein del skuleungdom som tok jobbar utanom skuletida. Noko "kvinnfolkarbeid" var der likevel, og Bergljot Vaagen Matre kan fortelja at ho og systrene var med å lappa dukar til pressene i 14-15 - årsalderen. Det er klart at der var kvinner i arbeid på kjøkkenet og i spisesal, men det er usikkert om dette vart aktuelt før kjøkkenet blei laga under krigen.

Arbeidarane var ikkje organisert i starten, men det vart også eit aktuelt tema etter som bedrifta voks. Det ser ikkje ut til at det har vore streikar eller større konflikter før etter krigen, men Stord Fabrikkararbeiderforening blei danna 16. november 1935 i tilknytning til lønsoppgjeret, og vart innmeld i Norsk Kjemisk Industriarbeiderforbund. Det fyrste som blei gjort var å få til ei arbeids- og lønsavtale som varte fram til 31.12.37. Fra 1. januar 1938 blei det semje om ei ny avtale som varte i alle fall til etter krigen (25).

25: "Systemposten"
årgang I nr.1 s.7-8.

LEIINGA.

Firmaet blei leia av eit styre der S. Bartz-Johannesen var formann, men den daglege leiinga var det framleis Theodor Onarheim som sto for. Ole Vaagen heldt fram som arbeidsformann nokre år, men m.a. p.g.a. dårleg helse slutta han på fabrikkjen i midten av 30-åra (27).


ARBEIDARANE OG LEIARANE.

Forholdet mellom arbeidarane og leiarane ser ut til å ha vore bra. Både Sigfinn Bartz-Johannesen og Theodor Onarheim ser ut til å ha vore både respekterte og nokonlunde godt likt. No hadde jo dei to svært ulik kontakt med arbeidarane i og med at Bartz-Johannesen ikkje budde på Stord, og dessutan det at dei var to svært ulike personar (sjå kapittel I og IV). Også Ole Vaagen blei nok sett opp til av dei andre ansette, men forholdet der var noko annleis då han meir var som ein av arbeidarane.

JORDBRUKSBYGDA STORD OG A/S STORD I "DEI HARDE 30-ÅRA".

Stord var framleis ein jordbrukskommune i 30-åra. Kor hardt staden fekk merke krisa (jfr. "Inn i ei verdskrise" s.21) er vanskeleg å seia, men i og med at jordbruket blei særleg hardt ramma er det nærliggande å tru at det var ganske tøffe tilhøve. Enkelte av dei personane eg har intervjuet har også fortalt om harde tider og kommunalt naudsarbeid.

Ein skulle vel tru at A/S STORD også fekk merke dei harde tidene, men det kan ikkje ha vore i særleg stor grad når ein ser korleis bedrifta voks og utvikla seg i "dei harde 30-åra". Det er ganske klart at verksemda fekk mykje å seia i alle fall for ein del av innbyggjarane, og då særleg i vinterstida. Den skaffa arbeid til ein god del menneske, nokre færre måtte ty til naudsarbeid, og kommunen fekk noko mindre utgifter. Alt tyder på at firmaet etter kvart fekk eit godt forhold til kommunen og den lokale folkesetnaden. Det gav arbeid til eit stadig aukande tal arbeidarar og auka skatteinntekter til kommunen. Når der blei arbeid å få heile året førte det også til at fleire unge familiar busette seg på Stord, både folk fra bygda og kommunane i nærleiken. Sjølv om dette førte mykje positivt med seg for staden, dukka det også opp nye problem. Staden Leirvik var ikkje klar for ei konsentrert busetjing, og mange praktiske vanskar følgde i kjølvatnet. Men det var problem som blei løyst etter kvart, og eg trur det kan vera rett å seia at dette var den spede starten på industrisenteret Leirvik.



Fra Hagebyen som voks fram på Bjelland nær A/S STORD.

USIKRE TIDER.

Det som dominerte overgangen til 1940-talet er imidlertid noko som ikkje blir hugsa med glede. Hitler var på fram-marsj i Europa, og i 1939 var den 2.verdskrigen eit faktum. Det store spørsmålet for mange, og på ein spesiell måte for næringslivet, var om Noreg kunne greia å halda seg nøytralt også denne gongen. Fiskarane høyrde til dei som fekk merka krigen fyrst med sine utsette arbeidsplassar, men også for folk flest blei det stadig meir usikre tider.

På A/S STORD var verkstad-avdelinga i full gang med å førebu seg til skipsbygging, og det var allereie bygd ein bedding. Men krigen nærma seg fortare enn dei fleste ante, og framtidsplanane måtte endrast eller leggest bort. Kva no?

KAPITTEL VI:

KRIGSTID - 1940-1945.

INN I EIN NY KRIG.

Mange nordmenn hadde nok tru på at når Noreg hadde greidd seg gjennom den 1.verdskrigen utan å bli innblanda skulle det nok gå også gjennom den neste. Men Hitler hadde tydelegvis andre planar, og den 9.april 1940 tok han nordmenna praktisk tala på senga. Dei vanskane som vanlegvis følgjer med ein krig kom også i Noreg, og m.a. blei matmangel og rasjonering ein del av kvardagen for folk flest.

Stord blei også inntatt av okkupasjonsmakta. Det vart bygd festningar på Osternes på nordsida og på Bjelland på sørsida. Festningen på Bjelland låg berre ca. 200 meter fra sildoljefabrikken, og bedrifta på Kjøtteinen høyrde absolutt til dei som fekk merke at landet var i krig. Dei tyske styrkane på Stord var imidlertid for det meste Wehrmachtsoldatar, og staden hadde lite med Gestapo å gjera. Det ser ut til at okkupasjonstroppane på Stord var ganske lempelige, og mange av soldatane ville gjerne stå på god fot med lokalbefolkninga.

FISKARANE.

Fiskarane var mellom dei som hadde ein ekstra utsett arbeidsplass under krigen, og eg trur det er rett å seia at dei gjorde ein uvurderlig innsats for land og folk ute på havet. Særleg silda blei eit svært viktig matprodukt i krigstida, og hadde ikkje fiskarane tatt sjansen på å arbeida på sjøen kunne det nok ført til endå større matmangel.

OMBYGGING OG OMLEGGING AV PRODUKSJONEN.

Store delar av næringslivet blei ramma av mangel på arbeidskraft, råstoff og materialar, og sildoljefabrikken på Stord var ikkje noko unntak i så måte. Trass i fiskarane sin gode innsats var det ikkje til å unngå at fisket vart ein god del redusert (sjå tabell 1), og mangel på material blei det også. Men det arbeidet som blei gjort på sildoljefabrikken vart rekna som livsviktig, slik at tapet på arbeidskraft blei ikkje så merkbart der som på mange andre verksemdar.

27: Referat fra styremøte
i A/S STORD 22.09.42.
"Systemposten"
årgang I nr.1 s.9-10.

28: Styreprotokollar
fra åra 1942-1945.

29: Onar Onarheim.

Det ser ut til at sildoljefabrikken greidde å halda drifta nokonlunde godt i gang sjølv om det måtte ein del omleggingar til. Det blei stadig arbeidd med å få utnytta arbeidskraft og råstoff best mogleg, og i styreprotokollen fra 1942 kan ein lese om planar for ombygging og nye innkjøp. Av nye ting kan eg nemne kjølelager, fryseri, røykeri og sanitæranlegg (27). I tillegg var det ombyggingar, reparasjonar, fleire innkjøp av nytt maskineri o. l. og vegbygging (28). A/S STORD hadde heile tida eksperimentert med metodar for å nytta råstoffet best mogleg, og når både mangelen på og trongen for sild auka blei dette viktigare enn nokon gong. Det som fekk mest å seia av aktiviteten på A/S STORD under krigen var nok matproduksjonen som blei sett i gang. Sjølv sagt var det strenge reglar for korleis ein skulle nytta silda, men der var nok fleire måtar å tolka dei på. Særleg avfallet blei brukt til dette, og ca. 100 personar arbeidde med matproduksjon på sildoljefabrikken under krigen (29). M. a. blei det laga såkalla "go'kaker", som var steikte kaker laga av rogn og melke fra silda, og "go'sild" som var sildefilet. I samarbeid med firmaet P.G. Rieber i Bergen blei det også laga kaffierstatningar av tørka poteter, sukkerroer og rognebær, alt etter kva som var råd å få tak i, og det vart drive korn-tørking av havarerte kornlass.

FLYTANDE SILDOLJEFABRIKK.

Eg har tidlegare nemnd at det vart planlagt å bygga ein flytande sildoljefabrikk (sjå kapittel V), og i 1939 blei kvalkokeriet "Ronald" kjøpt inn til dette føremålet. Men då krigen braut ut i september 1939 blei det vanskeleg å senda skipet på Islands - ekspedisjon slik tanken hadde vore, og i staden for blei det sendt til Canada for staten sin rekning for å henta korn og mjøl.

VERKSTADEN.

Også på verkstaden skjedde det ting under krigen. Som eg skreiv i forrige kapittel flytta avdelinga inn i eigne lokal i 1939, og det vart også bygd bedding før krigen sette inn for fullt. Krigen stoppa utbygginga inntil vidare, men planane greidde han ikkje å stansa. Det blei gjort ein god del reparasjonar på skip under krigen - då det jo var særleg stor bruk for slikt, og ein kan også finne kontraktar på bygging av båtar allereie i 1943 (sjå neste side). No vert det sagt at det ikkje var lov å bygga båtar under krigen, men ombygging var lovlig, og ombygging kan jo vera eit svært så vidt omgrep. Det blei også laga sildoljemaskineri, noko som etter kvart vart ei ganske omfattande verksemd, og deler til båtar. Mangel på material og eit nei fra næringsdepartementet gjorde nok sitt til å hindra vidare utbygging av skipsverftet, men heilt stopp vart det ikkje. Arbeidet med bedding nr. 2 blei antakeleg starta i februar 1944, og sommaren same året var det klart for ytterlegare utvidingar av verkstaden (30).

30: Referat fra styremøte
i A/S STORD 03.02.44.

Avskrift.

K O N T R A K T

Mellom A/S STORD (S. Bartz-Johannessen) Stord, nedenfor kalt bestilleren, og A/S STORD, Skibsbyggeriet, Stord, nedenfor kalt verkstedet, er dags dato opprettet følgende kontrakt:

Verkstedet påtar seg bygning av ytterligere 1 lekter (nr. 2) etter tidligere oversendt tegning nr. 114c med tilhørende spesifikasjon, for en sum av
kr. 60.000.- (sekstitusen kroner)

Denne pris er eksklusiv skatt og meklerkomisjon og forstås lekteren levert ved verkstedets kai på Stord.

Levering 4 måneder etter materialenes ankomst.

Lekteren bygges til Veritas og utstyres etter Sjøkontrollens regler.

Der tas forbehold om godtgjørelse for evt. stigning i arbeidslønn og materialpris etter kontrakten er undertegnet inntil lekteren er levert. Likeledes tas forbehold med henblikk på den nevnte situasjon overfor hendelser som kan forhindre eller umuliggjøre leveransen bl.a. anskaffelsesvanskeligheter for trelast, Veritasutstyr, malin og lignende.

Eventuelle forandringer fra vår spesifikasjon og tegning skjer for bestillerens regning.

Betalingsbetingelser:

1/3del ved kontraktens underskrift.
 1/3del når bundene er lagt.
 1/3del ved levering.

Ved eventuelle tvister ansees Den Tekniske Voldgiftsrett i Bergen som rette forum.

Denne kontrakt er utferdiget i to eksemplarer hvorav hver av partene beholder et eksemplar.

Bergen, den 14 februar 1945.

Som bestiller:

S. Bartz-Johannessen (s.)

Som leverandør:

p.p. A/S Stord

F. Thomassen (s.), Erling Hjorth (s.)

KRIGSHANDLINGAR PÅ STORD OG A/S STORD.

Stord og A/S STORD slapp heller ikkje unna dei "typiske" krigshandlingane. I januar 1943 foretok dei allierte eit raid i området ved kisgruvene på Litlabø der 8 tyske og 1 norsk soldat mista livet, og resten av soldatane blei såra eller tatt til fange.

Dette fekk ikkje særlege direkte konsekvensar for A/S STORD, men det gjorde derimot ei hending den 20. februar 1944. 3-4 båtar låg ved kai på fabrikk, og D/S "Austri" var på veg gjennom Bømmelfjorden like utanfor Bjelland. Det var kring 150 tyskarar ombord på "Austri", og skipet blei bomba av dei allierte. A/S STORD hadde stort sett greidd å halda kontakt med dei allierte styrkane, og hadde unngått bombing så langt, men denne gongen vart båtane som låg ved kaien på A/S STORD bomba "i same slengen", og litt fall det på sjølve bedrifta også. Det blei ganske store materielle skadar, men ingen menneske vart alvorleg såra (31). I styreprotokollen er det skildra slik:

31: Referat fra styremøte
i A/S STORD 23.02.45.

"Den 21.2. ble "Ibis", "Gula" og "Sunnmøringen" senket av britiske fly. Angrepet forårsaket også en del skade på anlegget. Særlig uheldig var det at granatregnet gikk som enhaglbyge fra fjæren nord for "Ibis" over sildeplanen. En del granater er eksplodert, men de fleste er trengt inn i sildemassen uten å eksplodere. Den tyske offiser fra Bjelland som besiktiget skaden oppgav at granatene ikke vilde eksplodere i den bløte sildemassen, og antydte at sildeplanen måtte anses som et minfelt. 5 ueksploderte granater er funnet oppe på sildehaugen. Kraftverkets ene generator brente opp som følge av det sjokk bruddet på høyspentlinjen gav. Alle krefter ble straks satt inn for å slukke branner og hindre videre utbredelser av skaden.

Krigsskaden vil forårsake at produksjonskapasiteten blir nedsatt til 60%." (31).

ØKONOMIEN PÅ A/S STORD UNDER KRIGEN.

Om matmangelen var utbreidd, så ser det ikkje ut til at pengemangelen var det. Etter det eg kan sjå av styreprotokollane fra krigstida, så var økonomien bra. At det vart søkt om lån i ulike bankar i tilknytning til investeringar og utvidingar vitnar vel meir om optimisme og god økonomi enn om det motsette. M.a. investerte firmaet kr. 50.000 i eit nytt elektrisitetsverk ved Blåfalla i Kvinnherad (32). Mangel på elektrisitet hadde lenge vore eit hinder for bedrifta, men då Blåfalla vart bygd ut retta det seg mykje. Noko anna som kan vera med å illustrera økonomien er dette:

32: Referat fra styremøte
i A/S STORD 19.03.45.

- 33: Referat fra styremøte i A/S STORD 14.06.44. "Der blev besluttet å utdele kr. 9000,- til feriepenge for arbeiderne. Herr Onarheim vil sette opp en liste med forslag til pengenes fordeling." (33).

Oppretting av fleire nye stillingar er også med å vise at bedrifta er prega av optimisme og pågangsmot trass i usikre tider (33 og 36).

SIYREI.

- 34: Referat fra styremøte i A/S STORD 19.11.42. 35: Referat fra styremøte i A/S STORD 15.11.44. Firmaet blei framleis leia av eit styre der Sigfinn Bartz-Johannesen var formann, og Christian Bartz-Johannesen, Theodor Onarheim og Onar Onarheim var medlemmer. I 1942 blei Stord-avdelinga og Bergens-kontoret slått saman til ei økonomisk eining (34), og ved årsskiftet 1944/45 gjekk Theodor Onarheim av som disponent og vart etterfølgd av sin eldste son Onar Onarheim (35).

ARBEIDSFORHOLDA I KRIGSTIDA.

- 36: Referat fra styremøte i A/S STORD 22.09.42. Arbeidsforholda vart ein god del forandra under 2.verdskrig. Det vart laga til nytt spiserom, toalettrom og garderobe (36), og dessutan eit kjøkken der arbeidane kunne kjøpa mat (37). Det var naturleg nok for det meste sildemat, men han smaka ikkje dårlegare for det.

- 37: Sigurd T. Bjelland og Jubileumsnr. av "Systemposten" 1949. Det ser også ut til at det blei tilsett ein del kvinner i denne perioden, og det vel ikkje urimeleg å anta at det fyrst og fremst var i tilknytning til kjøkkenet. Fleire lærarar tok også arbeid på bedrifta når dei mista arbeidet etter å ha nekta å la seg organisera av tyskarane. Noko fagforeiningsarbeid vart der forståeleg nok ikkje drive under krigen.

No kan det kanskje verka som om tilhøva var bortimot rosenraude på A/S STORD under den 2.verdskrigen, men det ville vera eit svært feilaktig inntrykk. Ting som var daglegdags for folk flest, som t. d. dårleg med klede og sko, blanding og flyalarmer høyrde med til kvardagen på Kjøtteinen også.

A/S STORD SI BETYDNING UNDER KRIGEN.

Det ser ut til at A/S STORD fekk meir å seia for lokalsamfunnet under krigen enn nokon gong før. Særleg gjaldt nok dette for dei som arbeidde der, men den omfattande matproduksjonen kom heile distriktet i nærleiken til gode.

Kjølelageret og fryseriet kunne også vera til nytte for mange, m.a. dyrka S.Bartz-Johannesen og gardbrukar Per Lønning grønsaker som blei fryst ned på fryseriet og på den måten tatt vare på.

I ei usikker og uroleg tid voks også samhaldet både på bedrifta og i lokalsamfunnet i sin heilhet. På sildoljefabrikken ga det seg m. a. utslag i at det vart skipa til ein julefest i 1941, noko som blei ein tradisjon.

MOT LYSARE TIDER.

På vårparten i 1945 gjekk det mot lysare tider i dobbelt forstand, og før fredsrusen vel var overstått var A/S STORD i full gang med vidare planlegging. Ved juletider same året byrja firmaet å utgi bedriftsbladet "Systemposten", og det fyrste nummeret gir absolutt eit inntrykk av optimisme og pågangsmot. Bedrifta var i aller høgste grad i gang med både å gjenreisa seg sjølv, og å delta i gjenreisninga av landet i sin heilhet etter krigen sine hjartelause herjingar. Men det blir også gitt uttrykk for spaning - og det er vel ikkje noko å seia når mange hadde opplevd to krigar i ein 30-årsperiode. Sildoljeindustrien var jo ei næring som blei berørt av dei begge.

Men det inntrykket som sit att trass alt er dette:

38: Onar Onarheim i
"Systemposten"
årgang 1. nr.1. s.7.

"Våre folk og vår bedrift slapp heldig. Vi kan arbeide vidare." (38).

"SPREDTE TREKK FRA A/S STORD".

Eg vil la eit stykke fra det fyrste nummeret av "Systemposten" med tittelen "Spredte trekk fra A.S STORD" få illustrera den stemninga som rådde på bedrifta etter at den fyrste fredsrusen var overstått:

"Det første man legger merke til når man har sikret seg adgang til A/S Stord, er her har man i sannhet store planer.

Der planeres og raseres så det er rent nifst, og dersom man ikke visste bedre kunne man tro at det var olympiastadion som var under bygging. Kubikk på kubikk blir tatt ut av fjellsiden og kjørt på sjøen, og ved headbas Larsens muntre tilrop går arbeidet som en lek. Like ved den nylagte autostrada er en lang murkoloss under bygging.

Mesteren og hans svenner legger sten på sten i et forrykende tempo, og de arme handtlangere farer pesende og svettende oppad stolper og nedad vegger med sten og støyp.

Hvis de er så syndige å rette ryggen et øyeblikk lyder det straks med tordenrøst fra Karl Madsen: "Meira sjit". Vi tenker med oss selv at dette er sikkert ikke frimurere. Noen frimurerlosje er det heller ikke de holder på med, derimot den nye verkstedbygning, og etter vårt skjønn ser den ut til å bli helt prima.

Litt lenger borte holder man på med alle tiders slipp, og vi spør et par av læreguttene ved skipsverftet hvor store båter man har tenkt å ta. En av dem forteller med krav på pålitelighet at den første båten som skal opp er "Queen Mary", mens den andre sier at det bare tøv, det er "Stavangerfjord" som skal først opp, han har det fra Jensen selv.

Vi forlater dem, mens de tretter så fillene fyker, og dumper opp i et arbeidslag som kaller seg "Welland & co." De står i lodd og diskuterer planøkonomi. En av dem forteller fra sikkert hold at Bartz Johannesen er reist til Amerika for å forhandle om atomenergi til fabrikkens drift allerede fra vintersesongen av. "Ja, e de 'kje de eg allti har sagt," sier Jakob Nøstvåg og rister betenkt på hodet. "Der skorta da 'kje på penga, altså."

Sveiseapparatenes brumming og skjærflammenes hvisling blander seg med lyden av lokkemakiner og smergelskiver. Vi flykter opp trappen til kontoret, hvorfra Jensen ser ut til å beherske situasjonen fullstendig, og spør innledningsvis hvordan det ligger an med maskoner og utstyr etc.

Han svarer at det mangler en del enda, men han bemerker: "Det kommer seg nok, vi skal ordne det, kommer eg bare inn i herredstyret skal det nok bli sving på sakene."

Utenfor verkstedet holder Lars Naustvågen på å høvle til en mast, og det er lett å se at han gjør seg ekstra flid. Ondskapsfulle tunger påstår at av den forrige masten hans ble det bare igjen en tannpirker, men man skal ikke tro alt man hører.

I det samme bedriftens mest opptatte mann, kaiformann Jens Junge, forbi i spissen for sin tropp. Vi forsøker å innhente ham for å veksle noen ord med ham, men Junges motto synes å være - hele folket i arbeide.

Utenfor sjuseteren kommer en frodig herre med et huld-salig smil på sitt mandige ansikt. Det er Fyllingen som er ute på en av sine runder, og vi tenker med oss selv at den karen har nok ikke lidt noen nød under krigen. Han har riktignok påstått at han drev og slanket seg en tid, men vi har vanskelig for å tro det.

Inne i kumme tre hører vi et forferdelig rabalder med skjellsord og trusler. "Eg ska banke deg opp," lyder det i diskant, og stemmen er Knut Eldøens. Da vi titter inn ser vi Knut Eldøen og Jon Bjelland ta ryggtak så steinspruten står. De er helt røde i toppen av raseri og anstrengelse, og enser oss ikke, men en tilskuer forteller at de er blitt uenige om hvem som er sterkest. De så ut til å være omtrent jevnbyrdige, men ingen ville gi seg, så hvis ikke de har kommet til noe resultat, står de der antagelig enda.

Vi passerer varelageret og hilser såvidt på lagersjef Folgerø. Han forteller at her kan man få alt mellom himmel og jord, fra røkefisk til tobakk, fra stålwire til gummimakker.

Oppe i fabrikk nr. 2 er det Johan Bjelland som regjerer med hard hånd, og gir ordrer i øst og vest. Han stiller på presser og steamratt med en aldri sviktende omhu, men så er det heller ingen som har så fin fettprosent i presskakene, forteller ing. Sand som nettopp stikker innom.

Vi tar en tur ned i administrasjonsbygget og titter inn luken hvor en rekke søte kontordamer nettopp holder på å telle penger og putte dem i lønningsposene. Arbeiderne er nettopp blitt nektet å hente sine penger her, antagelig på grunn av en intens flirting med de samme damer, men der er dem som påstår at det er Helgesen som har ordnet det slik, for at han og Fostervold ikke skal ha noen konkurranse.

I gangen utenfor holder Mina på å svinge vaskefillen med en bister mine, hun liker tydeligvis ikke vårt besøk, og skuler olmt på oss da vi skyndsomt forsvinner ned trappen.

Nede ved kaia ligger der en grønnmalt, avdanket passasjerbåt som skal rustbankes og males. Det er Johs. Bjelland som er sjef for denne avdeling bl.a. Han står på broen og med diverse spydige bemerkninger opphisser han sitt mannskap til død. Det synes å hjelpe betraktelig, for fra skipets indre høres straks rustpikkene som den verste mitraljøseild.

Da vi kommer bort på mellageret får vi se en mann som farer rundt og rundt en sekkestabel, og Fyllingen, som nettopp er innom med noen papirer, forteller med et skadefro smil at det er Junge som leter etter seg selv.

Ja, slik kunne vi fortsette i det uendelige å vandre rundt på dette store anlegg, her er meget interessant å se og høre, men vi finner tiden inne til å forhale, og etter å ha innhentet disponentens tillatelse til å komme igjen, rusler vi oppover mot vekten.

Nede på planen hører vi høye lattersalver idet vi passerer. Det er Johs. Larsen som har samlet sitt gjeng, og forteller vitser og anekdoter. Det siste vi hører idet vi passerer Naustvågen er Knut Eldøens høye latter, akkompagnert av de andres mer beherskede bifallsytringer. Det har vært en lærerik dag, og vi forlater bedriften i forvisningen om at med en slik stab av arbeidere og funksjonærer kan ledelsen se fremtiden i møte med de aller største forhåpninger.

Spectator"

KAPITTEL VII:

A/S STORD OG STORD - 1919-1987.

=====

UTVIKLINGA PÅ BEDRIFTA ETTER KRIGEN.

I "Systemposten" nr. 1 årgang 1 skriv Gudmund Sand dette:

"Siden kaptein Th. Onarheim reiste sildoljefabrikken i 1919 har den skiftet ansikt mange ganger. Det er blitt litt av et ordspråk at intet skal få stå i fred på Kjøtt-einen; hvis vi ikke river noe ned eller bygger noe nytt, må vi i det minste flytte lite grann på tingene. Dette mener vi å kunne ta som tegn på utvikling..."

Etter å ha sett litt tilbake på det som har skjedd på bedrifta sidan krigen kan eg trygt seia at dette sitatet er ein god karakteristikk av verksemda også i denne tida, og i kjølvatnet av dette kan ein nesten gi den same karakteristikken av heile nærmiljøet.

A/S STORD fra 1945-1956.

For å illustrera utviklinga på fabrikken litt vil eg ta med nokre fakta. Skipsbyggeriet utvida stadig etter krigen, og då særleg i periodane 1951-53 og 1956-58. Utvidinga i 1956-58 hang saman med at skipsbyggeriet gjekk inn i Aker-gruppa 27.05.56 (39); fyrst delvis og sidan heilt. Avtalen med Aker-gruppa førte til ei deling av bedrifta i Stord Verft A/S, som omfatta skipsbyggeri og mekanisk verkstad, og Stord Marin Industri A/S som dreiv sildoljeindustri samt konstruksjon og markedsføring av industrimaskinar.

39: Jubileumsnr. av
"Systemposten" 1979

Stord Marin Industri A/S.

Bartz-Johannesen var framleis eigar av Stord Marin Industri A/S, og det var det same firmaet som seinare tok namnet Stord Bartz Industri A/S. Etter kvart vart den delen som hadde med markedsføring å gjera skilt ut og blei kalla Stord Bartz A/S. Sildoljeindustrien heldt fram til rundt 1960 då dei måtte slutta p.g.a. sildemangel. No driv dette firmaet m.a. med produksjon av sukkerpresser, og har ca. 200 tilsette (40).

40: Chr. Bartz-Johannesen.

Stord Verft A/S.

Det er nok den andre delen av A/S STORD som har gjort seg mest gjeldande i den seinare tid. Der har stadig vore utvidingar og nybygging, særleg i perioden 1964-65 og i starten av 1970-åra. I 1966 bygde firmaet sin fyrste stortankar, og 11.desember 1972 kunne Stord Verft A/S levera det største skipet som til då var bygd utanfor Japan (39).

Tidene for skipsbygging hadde sett lyse ut så langt. I 1973 hadde industridepartementet godkjent planar for endå ei utviding ved skipsbyggeriet, og denne gongen skulle det bli blant dei største i Europa. Men markedet endra seg, og dermed også planane. Den 7. februar same året blei den siste skipsdåpen på Stord Verft A/S foretatt (39), og kontrakten på det fyrste plattformdekket var alt i hamn. Bedrifta på Kjøtteinen hadde nok ein gong greidd å finna nye vegar, og denne gongen var det offshore-industrien ein skulle satsa på. Det vart sjølvsagt store omstillingar, men det blei også redninga for firmaet. Det vart arbeid i mengder - ja, kanskje litt for store mengder til tider. Namnebytte høyrer også med til dei stadige forandringane på Kjøtteinen, og Stord Verft A/S har seinare tatt namnet Aker Stord A/S.

41: O. Onarheim: "Min Tørn" Onar Onarheim vart verande ved Stord Verft A/S til 1964 då han gjekk over i sentral-leiinga i Aker-gruppa (41).

BEDRIFTA FRA 1919 TIL 1987.

Noko som særleg karakteriserer denne bedrifta er den stadige utvidinga, utviklinga og omstillinga. Dette var jo særleg framtrekande i perioden 1928-1940 (sjå kapittel V), men også under krigen skjedde det ein god del på den fronten (sjå kapittel VI). Tida før og under konkursen var naturleg nok ikkje prega av dette i same grad. Den fyrste tida gjekk med til å etablere firmaet, og etterpå vart drifta sjølvsagt ein del hemma av buoppgjeret. Likevel ser det ut til at firmaet greidde å halda drifta i gang på ein etter forholda svært god måte også mens dette sto på (sjå kapittel IV). Som vi har sett tidlegare i dette kapitlet, er det utvikling og vekst som har prega bedrifta seinare også, -ja kanskje i endå større grad enn før.

Arbeidsforholda.

Også arbeidsforholda har følgt med i utviklinga, og med sildoljefabrikken forsvant også sesongarbeids-problemet. Dette greidde dei imidlertid ikkje heilt å løysa på sildoljefabrikken. Ved den delen av bedrifta blei sesongarbeidet verande sjølv om dei med ulike tiltak greidde å drøya sesongen ein god del (sjå kapittel V).

Den stadige påbygginga var imidlertid ikkje berre av det gode. Svein S. Kårevik sa det slik:

"Bedrifta var så påskøyta. Da hadde vore lettare viss den hadde vørt bygd fra nytt av. Da hemma arbeidet med altfor masse transport og møkje vedlikeholdsarbeid."

Kvinner og barn i arbeid.

Det blei etter kvart slutt med barne-arbeid ved bedrifta, men det er usikkert akkurat kva tid. Kvinner i arbeid vart der imidlertid meir og meir av - her som ellers i landet-, og sjølv mennene nok framleis er i fleirtal er det så langt i fra noko særstyn å treffa kvinner der - i alle fall ikkje i kontorbygget og kjøkken-avdelinga.



Arbeidarar og funksjonerar vinteren 1941-42.

BARTZ-JOHANNESSEN OG AKER-GRUPPA INN I BILDET.



Eit moment som ein av informantane har kome med er kva betydning det hadde at kapitalressusar som dei Bartz-Johannesen og Aker-gruppa hadde vart trekt inn i firmaet. Konkursen var nok bortimot ein tragedie for dei som hadde satsa pengar og eigedom på fabrikk, men det er eit spørsmål om det kanskje var lønsamt for Stord kommune og nærmiljøet ellers at det kom større kapital med i bildet. Det er i alle fall heilt sikkert at det måtte stor kapital til for å greia slike utvidingar som bedrifta har hatt. Det spørsmålet som då står igjen er om det var eit gode for nærmiljøet med den store veksten. Dette kjem eg tilbake til seinare i kapitlet.

LEIRVIK/STORD FRA 1912 TIL 1987.

Viss ein samanliknar bilda av Leirvik sentrum fra 1860-åra (sjå side 8), det fra rundt 1949 og det som er tatt ganske nyleg (sjå side 37), ser ein at det ikkje berre var på Kjøtteinen det skjedd forandringar. Det Leirvik eg kjenner fra min oppvekst der har ikkje mykje til felles med den jordbruksbygda eg har høyrte om når eg har arbeidd med denne oppgåva - ja, berre på dei fem åra som er gått sidan eg flytta derifra har staden forandra seg til det bortimot ugjenkjennelege. Det er no ca. 15.000 innbyggjarar i Stord kommune, og formannskapet vurderer i desse tider

om Leirvik skal få by-status. Dreg ein litt utanfor sentrum finn ein nok gardar enno, men Stord er framfor alt blitt ein industri- og skulestad. P.g.a. den geografiske plasseringa har Stord alltid vore eit naturleg senter i Sunnhordland (sjå kart side 9), og med stadig betre kommunikasjonar har dette vorte endå tydelegare.

Bilde fra Leirvik sentrum tatt rundt 1949 (øverst) og tatt i 1986 (nederst).



BEDRIFTA SIN BETYDNING FOR UTVIKLINGA PÅ STORD.

Eit spørsmål ein ikkje kan komma utanom i denne samanhengen er kva rolle bedrifta på Kjøtteinen har spela i denne utviklinga. Dette spørsmålet har eg stilt til alle informantane, og svaret til Sigurd T. Bjelland er absolutt representativt for alle saman:

"Ja, den har vel hatt ner sagt alt å seia for utviklinga, særleg itte gruvå stengte. Før va' da jo gruvå så heldt da mesta livet i sarbeidssituasjonen. Da va' den største bedrift'n da. Da va' jo nåken små-bedrifte' -sesongbedrifte' - sardinfabrikka' og liknande, men gruvå va' havedplass'n. Så kom sildoljefabrikken. Di dreiv jo ei stond samtidig me' gruvå, men så blei den nerlagt og da va' da bere den her bedrift'n så heldt liv i folk kan en sei'. Den har absolutt vore med å gjort at Stord blei ein industriplass."

Det ser ut til å vera heilt klart at A/S Stord Sildoljefabrik / A/S STORD / Stord Verft A/S / Aker Stord A/S har vore sentral i den utviklinga som har skjedd på Stord, og dette avis-utklippet fra 5. mai 1987 kan vel vera med å visa at bedrifta ikkje har mista stillinga si (42):

42: "Haugesunds Avis"
årg. 92 nr.87 s.36.

Stord satsar på barnehagar

□ ALF TERJE MYKLEBUST

- No er tida komen for Stord til å ta eit krafttak på barnehagesektoren, seier rådmann Harry Herstad.

I langtidsbudsjettsamanheng lanserer han tanken om at kommunen kvart av dei fire komande åra brukar tre millionar kroner til å byggja nye barnehagar for. Det kan gje Stord ein tilvekst på 120 nye plassar, eller 50 prosent i høve til det kommunen i dag har.

Kommunen måtte avvisa heile 200 søkjarar til barnehagane i år.

Rådmannen går og inn for å bruka to av dei ekstra 8,5 skattemillionane i år til eigenkapital

for bygging av ein erstattingsbarnehage på Furuly - eller ein annan stad i Hystad-området.

Herstad ynskjer også at kommunen kan «selja» barnehageplassar til bedrifter etter «Furuly-modellen».

Der dekkar fylkeskommunen driftsunderskotet for 20 dagheimsplassar.

Tilsette ved Aker Stord har t.d. trong for 60-80 barnehageplassar åleine, og mange andre bedrifter kan vera interesserte i å sikra sine tilsette barnehageplass mot å dekkja driftsunderskotet for ein del barnehageplassar.

Dersom dette tilbodet slår til, kan det føra til ei ytterlegare forsering av barnehageutbygginga i Stord, seier Herstad.

Bedrifta har ikkje berre gitt kommunen større inntekter, ho har også skapt arbeidsplassar for ei mengd menneske, ho har vore med og stimulert næringslivet ellers i kommunen og ho har absolutt vore ei av årsakane til det auka folketalet og dermed også auka tilbod av ulik art. Eg vil prøva og konkretisera dette litt nærmare.

Positive og negative konsekvensar.

Når bedrifta har utvida har ho gitt arbeid til stadig fleire, og dette har etter kvart blitt så mange at det har fått merkbare konsekvensar for nærmiljøet. I kjølvatnet følgjer trongen for fleire bustadar og skular, noko som igjen fører til ei forandring av busetjinga. I staden for store jorder med eit gardstun her og der er det no vegar i alle retningar, og åsane er dekkja av bustadfelt. Når utdanningstilbodet aukar trekker det til seg endå meir folk, større trong etter bustadar og andre tilbod, og slik har ein det gåande.

Av økonomiske konsekvensar har ein jo fyrst og fremst dei direkte skattane til kommunen fra bedrifta og fra dei tilsette. Men meir folk skapar også meir kjøpekraft, og dermed fleire butikkar og andre bedrifter som hjelper folk til å bruka opp pengane sine, som t.d. kafear, diskotek og helsestudio for å nemne nokre. For service-næringane og huseigarane har aktiviteten på Aker Stord A/S verkeleg gitt store muligheter og inntekter - i alle fall i periodar. Kommunikasjonane har naturleg nok også blitt utvida; t.d. vart det for få år sidan opna flyplass på Stord, og det er absolutt eit spørsmål om den hadde vorte ein realitet utan Aker Stord A/S - i alle fall i dette hundreåret.

Ei anna side ved utviklinga er det at det ser ut til at også sosialkontoret har måtta utvida. Dette er sjølv sagt ein naturleg konsekvens av at folkesetnaden har auka, men det kan vel ikkje vera tvil om at den veldige veksten og det til tider kolossale inntaket av framandarbeidarar og spesialistar har skapt problem for staden. At det brått kjem gjerne bortimot 2000 nye innbyggjarar til ein så pass liten plass for å vera der ei kort tid og tena pengar, går ikkje utan vanskar. Det at mange av dei tilreisande har reist ifra familien og blir plassert i brakker eller under liknande buforhold gjer det ikkje betre. Ein kan ikkje sjå bort ifra at dette har vore med å auka ikkje berre inntektene, men også kriminaliteten og talet på einslege mødre.

Konklusjon.

Utviklinga har ikkje gått føre seg utan negative konsekvensar, men det var vel heller ikkje å venta. Industrialisering og sentralisering vil alltid føre til at ein må gi avkall på ein del goder fra bondesamfunnet, men så har vi

vel også fått nye goder som bondesamfunnet mangla. Det vert som så ofte ellers eit spørsmål om å velja - sjølv om valmuligheten i dette høve har vore svært så avgrensa for dei fleste. Utviklinga let seg ikkje stoppe så lett, i alle fall ikkje av eit eller nokre få menneske.

Den generasjonen eg tilhøyrer kjenner lite til bondesamfunnet Stord. For oss er Stord ein slags miniby som veks fra år til år, og det ser jammen ut til at den veksten kjem til å halda fram ei stund til. Då hjelper det lite at eg personleg tykkjer det kan vera nok no.

KVA OM BEDRIFTA GÅR KONKURS?

Det spørsmålet som står att no er eit spørsmål som er både viktig og aktuelt: Kva om bedrifta på Kjøtteinen må gi opp? Og mange spørsmål følgjer i kjølvatnet av dette: Har Stord mange nok - og sterke nok - bein å stå på i ein slik situasjon? Kva med alle service-næringane og huseigarane som har utvida og bygd nytt i dei "gode" tidene? Trur vi eigentleg at slikt kan skje? Bedrifta har jo greidd seg imponerande godt. Det er snart 70 år sidan starten, og det er vel få som har klart dei ulike omstillingane så godt som den noverande hjørnesteins-bedrifta på Stord. Igjen og igjen har leiinga til dei ulike tidene vist seg framsynt, klok, innsatsvillig og optimistisk, og arbeidarane har vist lojalitet og dugleik. Kvifor skulle det gå gale? Når olje-eventyret tar slutt kan sikkert dei same eller evt. nye leiarar finna nye utveggar som fleire gonger før.

Det er veldig freistande å tenka slik, og til no har jo desse tankane stort sett vist seg å stemma. Men gjennom tidene har mange andre bedrifter blitt nøydde til å gi opp, og vi har ingen garanti for at det same ikkje kan skje på Stord.

Dette er jo sjølvsagt spørsmål vi ikkje har svar på - korkje eg eller dei som har greie på industri. Men eg meiner at det er eit spørsmål som er viktig å stilla, for alle stordabuar generelt, og for den lokale styringa spesielt. Det har i mange år vore, og bør framleis vera, eit mål for Stord kommune å få eit breiare næringsgrunnlag slik at undergangen til ei bedrift ikkje tyder undergangen til ei heil kommune.

Dette er sløtt ikkje nokon freistnad på å nedvurdere Aker Stord A/S. Stord har hatt stor nytte av bedrifta på Kjøtteinen i snart 70 år, vi treng ho framleis, og eg vonar vi får ha glede å nytte av henne dei neste 70 åra også. Eg let Theodor Onarheim sine avslutningsord i hans innlegg i jubileumsnummeret av "Systemposten" 1949 få avslutte denne oppgåva også:

"A/S STORD er sterkt knyttet til Stords befolkning i både godt og ondt, og vi får håpe at denne kontakt vil vere ved til begge trivsel og glede.-"

Tabell 1:

VINTERSILDFISKET 1920-1949 (43).

43: Jubileumsnr. av
"systemposten"-49
side 39.

(Alle hl. er oppgitt i tusen.)


ÅRSTAL	OPPFISKA hl. TOTALT	LEVERT TIL A/S STORD (hl)	PRODUSERT PÅ A/S STORD (tonn)	
			Mjøl	Olje
1920	2.118	18	340	120
1921	1.350	14	208	80
1922	1.837	44	790	320
1923	2.360	46	800	320
1924	1.880	35	610	220
1925	2.454	60	1.080	400
1926	2.571	82	1.420	400
1927	2.774	90	1.510	600
1928	2.924	65	1.120	400
1929	3.176	60	1.083	400
1930	4.324	74	1.257	450
1931	2.989	65	1.085	420
1932	3.333	67	1.150	400
1933	3.153	58	1.045	380
1934	1.103	28	580	200
1935	4.196	157	2.783	1.100
1936	5.300	186	3.324	1.300
1937	3.368	94	1.652	600
1938	5.228	325	5.310	2.000
1939	4.282	181	3.175	1.200
1940	4.372	170	3.000	1.200
1941	2.306	135	2.410	850
1942	2.725	132	2.200	800
1943	2.456	45	800	300
1944	3.214	47	800	300
1945	3.500	214	3.600	1.500
1946	3.800	193	3.100	1.300
1947	5.231	235	3.800	1.500
1948	8.600	450	7.800	3.300
1949	6.102	229	3.874	1.700
	<u>103.026</u>	<u>3.598</u>	<u>61.704</u>	<u>24.210</u>
	=====	=====	=====	=====

Kurve nr. 1:

SILDEMJØL- OG SILDOLJEPRISAR I ÅRA 1929-1949.


Sildemjølprisar i kroner: _____

Sildoljeprisar i øre: _____



Aker Stord A/S sin reklame i "Stord vegvisaren" 1987. Den viser litt korleis bedrifta sjølv plasserer seg i samanhengen på Stord.

«Herlege Stordøy»



I songen «Herlege Stordøy» lovpriser me den vakre naturen på Stord. Men Stord har meir enn vakker natur. Næringslivet på øya blømer og mange nye arbeidsplassar er skapt dei siste åra.

Aker Stord er med sine meir enn 1700 tilsette den største verksemda i Sunnhordland. Når ordrebøkene er fulle hos oss, stig optimismen og aktiviteten i heile distriktet.

I 1986 skal Gullfaks A-plattformen tauast frå Stord til blokk 34/10 i Nordsjøen. Då er Aker Stord alt godt i gang med bygging av dekkstramma til Oseberg A-plattformen for Norsk Hydro.

Desse store plattformene er med og plasserer Stord på Noregskartet. Dei er prov på kunnskap og skaparevne. Saman med naturen sine eigne meisterverk set dei farge på kvardagen vår.



KOPIERING FORBUDT.

Aker Stord A/S sin reklame i "Stord vegvisaren" 1987. Den viser litt korleis bedrifta sjølv plasserer seg i samanhengen på Stord.

«Herlege Stordøy»



I songen «Herlege Stordøy» lovpriser me den vakre naturen på Stord. Men Stord har meir enn vakker natur. Næringslivet på øya blømer og mange nye arbeidsplassar er skapt dei siste åra.

Aker Stord er med sine meir enn 1700 tilsette den største verksemda i Sunnhordland. Når ordrebøkene er fulle hos oss, stig optimismen og aktiviteten i heile distriktet.

I 1986 skal Gullfaks A-plattformen tauast frå Stord til blokk 34/10 i Nordsjøen. Då er Aker Stord alt godt i gang med bygging av dekksskramma til Oseberg A-plattformen for Norsk Hydro.

Desse store plattformene er med og plasserer Stord på Noregskartet. Dei er prov på kunnskap og skaparevne. Saman med naturen sine eigne meisterverk set dei farge på kvardagen vår.

 **AKER**
Aker Stord A/S

